År 1961 den 27. juli vart det halde møte i Lavik kommunestyre.
Møtet vart halde i kommunehuset.
Møtet var innkalla i samsvar med paragraf 11 i kommunestyrelova.

Desse var fråverande: Martin Hjelmeland, Olav Tjørnås, Karl Kvammen, Per Myren, Kåre Aune, Gunvor Rå, John Norvik og Hermund Hjelmeland.

Ordføraren gav at innkallinga av 21. juli 1961. Ingen hadde merknad å gjera, og ordføraren sa frå at møtet var lovleg sett.

Generalutskrift 31. juli 1961.

Der var førehatt:

47/61 Referat:

a. Fylkesmannen si godkjenning og merknader til vedtaka i kommunestyremøte den 24. mai 1961.

No møtte Gunvor Rå.

b. Utdrag av rekneskapen for Lavik trygdekasse for året 1961.

c. Rundskriv ~~om~~ frå Sosialdepartementet ~~alders- og uføretrygda~~ om endring i lovene om alderstrygd og uføretrygd og attføringshjelp.

Det opplesne vart vedlagt møteboka.

48/61 Restfinansiering av parsell på veganl. Sørstrand–Nordstrand.

Særutskr. 31/7 F.mannen

Fullføring av parsellen som er gjordplanert er kostnadsrekna til kr. 30.000.-

Samr. vedtak:

Restfinansieringa vert å ordne såleis:

Opparbeiding av dei interesserte kr. 6.000.-

Utjamningstilskot for kommunale bygg og anlegg 1959/60 og 1960/61 " 14.000.-

Lån " 10.000.-

√ 49/61 Søknad om tilskot til kjøp av traktor.

Ekspd. 31/7 F. arbeidskont. Frå Fylkesarbeidskontoret har ein fenge søknad om eit tilskot på kr. 1.000.- til [redacted] til kjøp av tohjulstraktor med reiskap. Finansieringa er ordna ved ymse andre tilskot.

Samr. vedtak:

Av H.K. XIV. A.1.a vert løyvt kr. 1.000.-.

50/61 Utbygging av jordstyrekontoret.

Ekspd. 31/7 Landbr.selsk. Rundskriv av 1. mars 1961 frå Landbruksdepartementet vart attgjeve.

Vedtak samr.:

Kommunestyret viser til vedtak under sak 56/59 og vil rå til at den årlege godtgjersla til jordstyreformannen vert auka.

√ 51/61. Auking av trygdesummen for lån i Småbruk- og Bustadbanken.

Ekspd. 31/7 J. mannen Småbruk- og Bustadbanken har i brev av 5. juni

1961 sagt frå at tygdesummen som kommisjonen
til no har hatt godkjenning på er brukt opp.
Samr. vedtak:
Lavik kommune søkjer om å få maksimumstrygd
for lån i Noregs Småbruk- og Bustadbank auka
frå 350.000.- til kr. 500.000.-.

52/61. Engelskopplæring for elevar ved Norevik skule.
Sernutsk 5/8 Tilsynsnemnda for Norevik skule har søkt om at
ordninga med engelskopplæring ved Vadheim skule
held fram.
Skulestyret rår til den same ordning også for
1961/62.
Samr. vedtak:
Kommunestyret slær seg saman i tilrådinga frå
skulestyret.

53/61 Godtgjersle til skuleinspektøren for bruk av eigen
Sernutsk 5/8 bil.
Skulestyret har i møte den 31. mai 1961
handsama saka og rår til at godtgjersla
til skuleinspektøren for bruk av eigen bil
vert sett til kr. 4.00.- pr. år rekna frå
1. juli 1961.
Tilrådinga frå skulestyret vart samr. vedteken.

54/61 Framhaldskule for Fjørfjord krins.
Sernutsk 5/8. Etter at budsjettet for 1961 var oppsett, har
skulestyret gjort vedtak om at det skal

vera eigen framhaldsskule for Hjelfjord krins,
og det vil sidan verta større utgifter enn
som ~~nemnt~~ rekna med.

Samr. vedtak:
Av H.K. XIV. A.2 vert gjeve (unvande) tilleggsløyving for 1961.

√ 55/61 Regulering av Lavik sentrum.
Sevitsk 5/8 arkitekten. Plannemnda saman med arkitekten har drøfta
ymse spørsmål vedk. reguleringa og er komen til
at noverande kartverk må utvidast ein del
vestover, og samtidig må det oppatakast kart i
mål 1-500 av dei sentrale parti som grunn-
lag for detaljregulering. Framlegg om utsetjing fall med 9 mot 1 røyst.
Vedtak med 9 mot 1 røyst.
1. Det noverande kartverk i mål 1-1000 skal
utvidast vestover til Svalheim.
2. Det skal oppatakast kart i mål 1-500 over
eit område i Lavik sentrum avgrensa av preste-
garden i vest og helseheimen i aust og med nord-
og sørgrense som på noverande kart.
3. Plannemnda får fullmakt til å få desse
kartverk oppsette.

√ 56/61 Søknad om kommunegaranti.
Sevitsk 31/7 f.mannen [redacted] søkjer om tryggd for eit lån
på kr. 15.000.- til drift av [redacted] hans, som
no tel ca 700 dyr.
Samr. vedtak:
Lavik kommune tryggdar for eit lån på

kr. 10.000,- til [redacted] til drift av
[redacted] hans.
Lånet skal attendebetalast innan 30. mars 1962.

57/61. Av H.4. XIV.A.1.a vart løyvt kr. 50.- til kvar av
tilr. 5/8 dei etternemnde:
Sogn og Fjordane idrettskrets.
Turisttrafikkomiteen.

58/61 Tariffoppgjeret 1961.
sekretsk. 31/7 Riksmeklingsmannens framlegg vart attgjeve.
Herredsforb. Samr. vedtak:
T.mannen 7/8. Lavik kommune godtek framlegg til ny avtale
for det som vedkjem Norsk Kommuneforbund.

√ 59/61 Søknad om overføring av drosjeløyve.
sekretsk. 31/7 Samferdselkonsulenten har oversendt søknad frå
Samferdsels-konsulenten Bendik Sørestrand om at drosjeløyvet hans vert
overført til sonen Andr. E. B. Sørestrand.
Vedtak med 6 mot 4 røyster.
Etter tilhøva vil ein rå til at søknaden
vert imøtekomen.
Mindretalet røysta for dette framlegget:
Drosjeløyvet vert å lysa ut på vanleg måte.

60/61 Oppføring av tannklinikk.
Formannskapet får fullmakt til å godta eller
vrake dei innkomne tilbod på oppføring av tann-
klinikk.

Møtet slutt.

Møteboka opplesen.

Anders O. Torvund    Leila Instefjord.

Einar Lavik.